

# Samnanger kommune

Innspill sendt OED per e-post 7.3.2014

Eg vil be om at det i arbeidet med meldinga vert teke inn eit eige tema, kapittel eller liknande om utbygging av småkraftverk i sidestrenger i verna vassdrag/ vurdering av vernegrenser i verna vassdrag m m.

Underteikna har fleire gonger vore i møte i OED og møtt mellom anna tre ulike statssekretærar i forrige regjering. Ynskje har vore å få vurdert å byggja ut småkraftverk større enn 1MW i sidestrenger til verna vassdrag, og å kunna få gjort nye vurderingar av eldre verneområde i vassdrag der det - når ein les historia - kan verka svært tilfeldig kvar grensene for vern vart trekte i høve hovudverneobjektet og dei vesentlege verneverdiane. I Samnanger gjeld dette Eikedalsvassdraget. Me har tett kontakt med Granvin Herad og utbyggarar der. Dei har heilt sidan 2009 spelt inn sine ynskje og problemstillingar, og både dei og me her i Samnanger har overlevert grundig gjennomarbeidde rapportar til dei me har møtt når me har vore i departementet. Me to kommunane samarbeider no om ein ny rapport om desse tema, der vinklingane er meir politisk retta. Dette med bakgrunn i at me har vorte utfordra frå OED om å arbeida meir inn mot partia våre og Stortinget. Når "Stortingsmelding om energipolitikken" no skal handsamast, tenkjer me at det må vera veldig viktig å også sjå på ovannemnde problemstillingar og mulighet for endra politiske føringar og gjeldande lovverk.

Ved ei markering i regi av Statnett nyleg i høve ferdigstillinga av Sima - Samnanger linja fekk eg veksla nokre ord med den nye olje - og energiministeren. Deler av markeringa fann stad i Børdal trafostasjon i Samnanger. Like utanfor gjerdet ved den sterkt utvida trafostasjonen har eit lite småkraftprosjekt fått nei til utbygging. Større veginngrep er føretekte i same vassdrag. Det virkar som all statleg og til dels regional utbygging av ulik infrastruktur får ja. Dette utfordrar oss sterkt lokalt. Mange spør seg om det i vår tid med så stort fokus på fornybar energi og med så mange nye skånsomme utbyggingsmåtar av småkraftverk verkeleg er slik at det "berre" er småkraftutbygging som vert definerte som inngrep i verna vassdrag.

Me merkar oss med glede at det er komne uttalar som står opp om at ein no meiner alvor med ein annleis politikk når det gjeld vurdering av småkraftutbygging i sidestrenger til verna vassdrag.

Mvh

Marit A. Aase

Ordførar i Samnanger